

Terje Restad,
Administrasjonssjef
Geofysisk institutt



Eg er kandidat til fakultetstyret for gruppe C, og vil gjerne bidra for å vidareutvikle fakultetet til å vere ein god plass å vere for både tilsette og studentar. Eg er medlem i fakultetsstyret for inneverande periode, og ynskjer å forsette i ein periode til.

Fakultetet er inne i mange endringsprosessar, særleg innan administrasjonen der det er vedteke sentralisering av økonomitenestene mot gruppe C sine stemmer i fakultetsstyret. Erfaringa frå inneverande periode har vist meg at gruppe C sine innspel trengst, særleg i omorganiseringstider. Gruppe C har ofte andre erfaringar og perspektiv enn andre medlemmer i styret.

Eg har vore tilsett på mat.nat i min noverande stilling i vel 6 år. Eg starta i UiB-administrasjonen i år 2000, først ved senter for etter- og vidareutdanning, og deretter i ulike stillingar (studiekonsulent, administrativ leiar, fakultetsøkonom og forskingskoordinator) ved Det psykologiske fakultet før eg kom til Mat.nat. Ved psykologisk fakultet var eg også medlem i fakultetsstyret for gruppe C (2005-22009). Utdanninga mi har eg frå Geofysisk institutt, der eg tok hovudfag i oseanografi i 1995. I tillegg har eg PPU frå UiB, og var lektor i 4 år før eg starta å arbeide på UiB.

Min breie administrative bakgrunn og erfaring frå dagens fakultetsstyre trur eg vil gjere meg i stand til representere gruppe C på ein god måte i neste valperiode.

Godt val!